Etter slutføring av nytt 420kV transmisjonsnett på strekninga Ørskog/Sogndal i desember 2016 har ein robust transmisjonsnett gjennom fylket. Kapasiteten kan derimot ikkje nyttast fullt ut, og vil få flaskehalsar grunna større mengder ny produksjon under realisering enn installert transformeringskapasiteten mellom 132 og 420kV. Løysing og investeringsansvar for dette ligg til Statnett. Tiltaket om auka transformeringskapasitet i Ålfoten kom på plass desember 2019. Auka transformeringskapasitet i Moskog er under planlegging, er konsesjonssøkt, og er venta å vere på plass i løpet av 2022. Dette er nødvendig for å unngå flaskehalsar for ny produksjon, likeeins for å mogeleggjere større uttak grunna elektrifisering og «det grøne skiftet». Oppgradering av Sogndal-Aurland frå 300 til 420kV er også eit nødvendig tiltak, som er konsesjonssøkt av Statnett.

Utvikling av regionalt distribusjonsnett

Det har vore investert og er framleis behov for store investeringar i det regionale distribusjonsnettet, og også distribusjonsnettet, dei komande åra. Den viktigaste grunnen til dette siste åra har vore ny vasskraft, og vindkraft. I komande tidsfase er det grøne skiftet og aukande elektrifisering ei svært stor årsak til aukande investeringar, men også eit aldrande regionalt distribusjonsnett og industriell vekst krev auka nettinvesteringar.

Dei siste åra er det etablert eller auka kapasitet i 12 transformator/koplings-stasjonar i 66- og 132kV-nettet.

Med den store aktiviteten er det viktig at investeringar blir tatt på rett tidspunkt, basert på forpliktande bestilling frå aktørane som utløyser tiltaket.

Linja har mange prosjekt i hovudnettet som anten er starta eller der konsesjonsarbeid er i prosess eller starta internt.

Siste ferdigstilte prosjekt (2020) var:

- 132kV-linje Magnhildskaret/Svelgen og Magnhildskaret koplingsstasjon, for å gje kapasitet til vindkraftanlegget Guleslettene (lokalisert mellom Florø og Svelgen, produksjonskapasitet 195MW). (Parsellen 132kV Svelgen/Ålfoten vart, av same årsak, ferdigstilt i 2019).

- Dublert 66kV (bygd for 132kV) innføring til Eid transformatorstasjon, der dagens hovudinnføring går på same masterekke, og må separerast før 66kV-ledninga Eid/Øksnelvane kan sanerast.

Pågåande og ikkje avslutta prosjekt i hovudnettet:

- 132kV Ålfoten/Rugsundøy, og med påfølgjande produksjonsradial vidare til Bremangerlandet. Produksjonsradialen er avhengig av endeleg løyve (avklaring av MTA-plan) for vindkraftanlegget. Formål er i første fase å gje kapasitet til Bremangerlandet vindpark, men over ca 2-3 års tidshorizont vert parsellen fram til Rugsundøy utvida til Deknepollen/Måløy, med formål å gje forsterka nettkapasitet til ytre Nordfjord (etter realisering av denne kan den eldste av dei to linjene mellom Bryggja og Deknepollen sanerast).
- 132kV-løysing for LMD (Lefdal Mine Datasenter) ved innsløyving av dagens 132kV-linje mellom Ålfoten og Bryggja, og etablering av 132kV koplingsstasjon i Lefdal. For å gje redundant forsyning vert det gjort spenningsoppgradering av anlegga mellom Deknepollen og Bryggja frå 66 til 132kV etter at ny forsyning er etablert frå Ålfoten via Rugsundøy til Deknepollen.

Prosjekt til konsesjonshandsaming inkl avsluttande konsesjonsfase:

- 132kV forsterking av parsellen Leivdal/Navelsaker, der dagens ledning er ein flaskehals i kraftsystemet. Vedtak var venta i 2021, og er no venta i svært nær framtid
- 132kV Bø (Stryn) – Tomasgard (Hornindal). Arbeid med konsesjonssøknad pågår og er venta oversendt til NVE i løpet av 1. halvår 2022
- 132kV forsterka forsyning til Florø. Konsesjonssøknad om ei ny framføring til Florø er under arbeid grunna melding om svært stort nytt forbruk, der dagens nett ikkje har redundant kapasitet til kjende planar. Konsesjonssøknad er venta oversendt 1. halvår 2022.
- Ny 132kV-stasjon i Fortun: Etter overtaking av 132kV-anlegg frå Statnett i indre Sogn, og der Statnett byggjer ny stasjon, må det etablerast enten ny 132kV-stasjon, eller gjere omfattande tilpassingar i eksisterande stasjon. Konsesjonssøknad er ferdigstilt og klar for oversending.

Nytt transmisjonsnett og nye 420/132kV transformatorstasjonar medfører også sanering av deler av Linja AS sine 132kV-linjer, seksjonane Høyanger-Moskog og Leivdal-Haugen. Sanering, som er konsesjonsbestemt innan utgang 2018, hadde godkjent konsesjonsutsetting til utgang 2021. Hovudårsak var at nytt 420kV-nett må fungere feilfritt under ekstremhendingar, samt at nettet har stor nytte grunna manglande transformatorkapasitet. Ledninga Leivdal/Haugen vart sanert i 2020. Saneringsarbeid for 132kV Moskog/Høyanger vart gjennomført i 2021.

Kjøp av nytt hovudnett:

Som ledd i overgang til 2-nivå nasjonalt nettsystem (transmisjon og distribusjon), samt som følge av omklassifisering av anlegg frå sentral/transmisjonsnett til distribusjon, har Statnett beslutta å reindyrke si rolle som eigar og operatør av transmisjon. På bakgrunn av dette har Statnett hatt ein pågåande salsprosess i ulike delar av landet for nettanlegg som ikkje er transmisjon. Formell avtale mellom Statnett og Linja om at Linja skal kjøpe Statnett sine 132kV-linjer og stasjonsanlegg i Høyanger, på strekninga Mel-Sogndal, samt på strekninga Fortun-Øvre Årdal-Årdalstangen, vart inngått 01.07.2021, basert på tidlegare intensjonsavtale.

Fortsatt drift

Rekneskapen er sett opp med føresetnad av fortsatt drift.

Framtidsutsikter

Det er venta eit betre resultat i 2022 enn i 2021. I 2023 vil omklassifiseringa av transmisjonsnett til regionalt distribusjonsnett frå 01.01.21, og 132kV-anlegg kjøpt 01.07.21, inngå i effektivitetsmåling og inntektsramme fullt ut, noko vi ventar vil ha ein positiv verknad for vår lønsemd.

Investeringsprogram og inntektsrammeregulering

Investeringsprogrammet har vore høgt, og dette held fram i 2022 og framover. Slik dagens inntektsrammeregime er utforma vil raskt aukande nettkapital samanlikna med det typiske for bransjen medføre lågare målt effektivitet, og dermed lågare avkastning. Det er viktig å sikre at framtidig nettregulering er balansert og tilpassa det framtidige fornybarsamfunnet, med store nettinvesteringar utløyst av meir fornybar produksjon og almen elektrifisering. Linja sin effektivitet har siste åra vore lågare enn 100% mellom anna grunna vesentleg høgare investeringar enn det normale i bransjen. Merksemd rundt lønsemd og nøytral inntektsrammeregulering er difor framleis viktig.

Nettariffregime:

Nasjonale politiske føringar og rapportar frå NVE har peika på at nettinvesteringar øymerka nettkapasitet for ny, fornybarinvesteringar er ei nasjonal satsing og skal ikkje gå utover kundane i fornybarområda. Dessverre har ikkje styresmaktene funne løysing på dette. Linja AS arbeider løpande med dette temaet. Stortinget vedtok våren 2018 å gje regjeringa/OED i oppdrag å utgreie ulike modellar for tariffutjamning. Stortinget peika på at dette ikkje vart følgt opp tilfredsstillande, og i budsjettforliket/regjeringsforhandlingane hausten 2018 vart det på nytt vedteke at ulike utjammingsmodellar skal utgreiast og leggjast fram for Stortinget som eiga sak. NVE/RME sende november 2019 dokumentet «*Utredning av virkemidler for utjevning av nettleie*» på høyring, med høyringsfrist 8.januar 2020. OED si tilråding var i hovudsak å nytte opprinneleg utjammingsmodell med løyving over Statsbudsjettet, og vedtak for 2021 samt 2022 er bevilgning på 20mill kr. over Statsbudsjettet. Dette svarer etter vårt syn ikkje på utfordringa og dagens systemfeil. Regjeringserklæringa frå den nye regjeringa hausten 2021 adresserer tydeleg ei rettferdig nettleigeordning, og gir grunnlag for optimisme. Vidare står ein samla bransje bak synspunkt om at innmatingsinntekter for produksjon i regionalt distribusjonsnett skal gå til nettnivået det matar inn på. Ei løysing på desse temaene er svært viktig for nettleigenivået Linja sine kundar møter. Temaene vert difor arbeidd vidare med saman med aktuelle alliansar.

Covid-19 pandemien

Covid-19 pandemien ramma Norge og verden sterkt i 2020, og med vidare verknad i 2021, og innleiingsvis i 2022. Verksemdene har tilpassa seg auka bruk av digitale løysingar, og mindre fysisk kontakt samt smittebegrensande tiltak. Arbeidsaktiviteten utanom drift og vedlikehald av anleggsmassen vart i stor grad flytta ut av verksemdene sine lokaler og inn i tilsette sine heimar. Sjølv om det er utvikla vaksiner som synest å ha bra effekt er det framleis stor usikkerheit knytt til pandemien sin vidare utvikling i Norge og verden. Linja AS er i mindre grad ramma av pandemien enn mange andre verksemdar. Etterspørselen etter Linja sitt hovudprodukt, som er transport av fornybar elektrisitet, er i alle fall på kort sikt i mindre grad påverka av pandemien. Linja AS har også klart å oppretthalde normal drift på anlegga under



pandemien. Bygging av nye og rehabilitering av eksisterende anlegg er berre i mindre grad blitt forseinka. I stor grad har ein klart å finne gode løysingar på utfordringane som har oppstått.

Intensjonsavtale om å vurdere samordning mellom nettselskapa Mørenett og Linja

Det er gjort avtale om utgreiing av ei eventuell samanslåing av nettselskapa Mørenett og Linja. Utgreinga skal gjennomførast i løpet av første halvår 2022, og med mål om handsaming i styrande organ i juni 2022. Linja er 100% eigd av Sogn og Fjordane Energi, medan Mørenett er eigd av energikonserna Tussa og Tafjord på Sunnmøre.

Brann ved hovudkontoret til Linja i lokala Trolleskjæret i Florø

12.12.21 var det brann i garasjeanlegget i lokala til Linja sitt hovudkontor i Florø. Garasjeanlegget må rivast og byggast opp att på nytt, i tillegg vart nokre bilar kondemnert som følgje av brannen. Lager, montørbase og administrasjonsdelen av bygget fekk vesentleg røyk- og sotskadar. Selskapet har ordna seg mellombels slik at vi er operative med omsyn til dagleg drift og kan handtere dei feil og avbrot som oppstår i nettet vårt. Bygget, utanom garasjeanlegget, skal vere klart til bruk igjen tidleg i april 2022. Ein vil i hovudsak vere dekkra for tap via forsikringsordning, og har gjort tapsavsetning i 2021-rekneskapen for venta utgifter utover forsikringsdekning.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat

Resultatrekneskapet

Nokre nøkkeltal frå rekneskapet:

Tal i mill kroner:	2021	2020	2019
Resultat etter skatt	42,0	54,2	66,6
Driftsresultat	65,6	79,6	100,9
Driftsresultat monopol	64,9	59,9	82,3

Sum driftsinntekter er 632,9 mill. kr i 2021. Det er ei auke på 204,5 mill. kr samanlikna med 2020. Av inntektene utgjer overføringsinntekter 590,7 mill. kr mot 351,6 mill. kr i 2020. Auken i overføringsinntekter er 239,0 mill. kr. Linja kjøpte Statnett sine 132kV-liner og stasjonsanlegg i Høyanger, på strekinga Mel-Sogndal, samt på strekinga Fortun-Øvre Årdal-Årdalstangen 01.07.2021. Frå 01.01-30.06 leigde vi desse nettanlegga. Rekneskapet til Linja inkluderer dermed alle inntekter og kostnader knytt til dei tidlegare Statnett anlegga i heile 2021.

Driftsresultatet i 2021 er 65,6 mill. kr, ein reduksjon på 13,9 mill. kr. samanlikna med 2020. Hovudårsaka til redusert driftsresultat samanlikna med 2020 er at ein i 2020 hadde ei eingongsinntekt på 16,0 mill. kr knytt til utleige av fiber. Resultat etter skatt er 42,0 mill. kr, ein reduksjon på 12,2 mill. kr målt mot 2020.

Balansen:

Sum varige driftsmidlar er i 2021 auka med 300,0 mill. kr til 2.106 mill. kr. Finansielle leigeavtaler utgjer 142,0 mill. kr av langsiktige fordringar. Andre kortsiktige fordringar på 103,1 mill. kr er i all hovudsak konserninterne fordringar.

Pensjonsforpliktning er redusert med 25,1 mill. kr til 26,1 mill. kr. Selskapet si langsiktige gjeld er auka med 24,5 mill. kr til 1.351 mill. kr. Av dette utgjer ei konsernintern forpliktning på 51 mill. kr. Akkumulert meirinntekt nettleige på 47,6 mill. kr ved starten av året er redusert med 3,9 mill. kr til ei meirinntekt på 43,6 mill. kr ved utløpet av 2021.

Selskapet har ein eigenkapital på 789,0 mill. kr eller 32,2%. Pr. 2020 var eigenkapitalen på 31,1%.

Kontantstraumanalyse/likviditet:

Selskapet har ein positiv kontantstraum frå drifta på 102,4 mill. kr og ein negativ kontantstraum frå investeringsaktivitetar på 291,9 mill. kr. Kontantstraum frå drifta og kontantstraum frå finansieringsaktivitetar inkluderer 111,6 mill. kr i konsernfinansiering. Det er brukt 299,7 mill. kr på investeringar. Til saman gjev årets endringar ein reduksjon i beholdning av kontantar på 349 tusen samanlikna med 2020.

Morselskapet som konsernbank finansierer Linja AS.

FoU

Linja har i 2021 delteke i fleire FoU-prosjekt og pilotar. Dette omhandlar stort sett aktivitet i samband med vårt engasjement i «FME CINELDI», og i samarbeid med eSmart sine utviklingsprosjekt «OPAL» og «Connected Drone 2».

I «FME CINELDI» har vi gjennomført ein pilot på ein handelsplattform for utveksling av tilgjengelig fleksibilitetspotensiale på Bremangerlandet/Kalvåg. I første omgang har vi sett på næringskundar, men ønsker no å ta dette vidare i ein ny fase der vi inkluderar privatkundar.

Gjennom «FME CINELDI» har vi også nyleg signert pilotavtale med Heimdall Power, der vi skal installere sensorikk som skal muliggjere løpande overvåking og berekning av overføringskapasitet på HS-linjer (DLR), med spesielt fokus knytt til utveksling mot sentralnett, men også i tilknytning til vindproduksjon. Oppstart Q1 2022, varighet 2 år.

Før jul vart det også signert ein konsortieavtale på «GridEyeS» som er eit demonstrasjonsprosjekt knytt til bruk av satelittdata for overvåking av linjenettet.

- «FME CINELDI» er eit stort bransjesamarbeid der vi utarbeider ein transisjonsstrategi som skal sørge for at vi byggjer energisystemet for framtida. Prosjektet har 27 partnerar, går over 8 år, frå 2016 til 2024, og har ei samla ramme på 360 MNOK der SFE sin del er 4,8 MNOK jamt fordelt på kontantbidrag, pilotaktivitet og timeinnsats.
- «OPAL» står for «Open AI-plattform for Utilities» og er ei vidareføring av ASTRUM med fokus på å skape ein open plattform for anvendt kunstig intelligens for nettselskap. Grunntanken med prosjektet er knytt til ei forventning om at maskinlære og bruk av kunstig intelligens har potensialet til å revolusjonere drift av kraftnettet, og med dette som utgangspunkt er målet å berike Connected Grid-plattformen med meir funksjonalitet.

Prosjektet er planlagt med ein varighet på tre år, frå 2020 t.o.m. 2022, med ein total kostnad på 50 MNOK. Linja sitt totale bidrag fordelt over desse tre åra er på 6,5 MNOK (finansielt: 5MNOK, eigeninnsats: 1,5MNOK), med moglegheit for å tre ut av avtalen kvar 1. januar.

- «Connected Drone 2» var utviklingsprosjektet til bildebehandlingsplattformen «Grid Vision» som ved hjelp av kunstig intelligens skal hjelpe oss med å samle inn og analysere bilete frå befaringslinjenettet. Prosjektet var i regi av eSmart saman med 22 kundepartnarar med ei total kostnadsramme på 56 MNOK fordelt over 3 år. Prosjektet vart avslutta hausten 2021. Linja sitt samla bidrag har vore 1,1 MNOK og 0,5 MNOK på eigeninnsats. Vi vurderar driftsavgift på løysinga slik den framstår ved prosjektslutt.

Prosjektet har hatt NVE-godkjenning for finansiering gjennom FoU-ramma og Skattefunn.

- Grid EyeS er eit demonstrasjonsprosjekt som tek føre seg bruk av satelittbilder, vèrinformasjon og historiske utfallsdata for å bygge ein risikohandteringsmodell som skal hjelpe oss med å forutsjå/seie noko om faren for vegetasjonsrelatert linjeutfall. Prosjektet er i regi av StormGeo i samarbeid med eSmart, HVL og Linja som partnarar, og er fullfinansiert av European Space Agency (ESA). Nova Scotia Power og Center Point Energy er også med som deltakarar.

I demonstrasjonsprosjektet deltek Linja med eigeninnsats i form av interne timar og deling av historiske observasjons-, og utfallsdata, der våre data er verdsett til € 360 000. I rolla som partner kjem vi også til å ha ansvar for ein arbeidspakke knytt til testing og implementering, der Linja budsjetterer å bidra med ein eigeninnsats på 260 timar.

Oppstart Q2 2022, varighet 2 år. Deltaking forutsetter at prosjektet blir godkjent på NVE si FoU-ramme.

Finansiell risiko

Linja AS er eksponert for risiko knytt til utfall i nettet. Utfall i nettet inneber ein KILE-kostnad som vert trekt direkte frå inntektsramma. Det er etablert vedlikehaldsplanar og vaktordningar for å handtere denne risikoen.

Linja AS er også eksponert for ei usikker inntektsrammeregulering som kan gje til dels store utslag på resultatet og meir/mindreinntekta.

Arbeidsmiljø, likestilling, diskriminering – Oppdatering

Linja AS er IA-bedrift i og med at ny sentral IA-avtale 2019-22 mellom staten og partane i arbeidslivert er gjort gjeldande for alle bedrifter. Sjukefråvær for 2021 er på totalt 3,83 %, fordelt på 1,98 % langtidssjukmeldte og 1,86 % korttids sjukefråvær. Selskapet arbeider målbevisst med tiltak for å redusere risiko for slitasjeskader då yrket energimontør er fysisk krevjande.



HMS-opplæring fylgjast kontinuerleg opp for å sikre at leiarar med personalansvar, deltakarar i AMU og verneomboda innehar den HMS-kompetansen lover og forskrifter set krav om. Det er i 2021 registrert fem skadar totalt, tre av desse har medført frávær. Skadar med frávær har ei auke med to sidan førre år, medan skade utan frávær har ein nedgang på ein. Skadane har medført 62 fráværsg dagar, som er ei auke sidan 2020. Det er ingen alvorlege skadar.

Skadestatistikk for Linja AS 2021

		Måltal konsern	Linja 2021 Faktor (tal)	Konsern – 2021 Faktor (tal)
Skader med frávær	H1	2,1	14,6 3)	8,1 3)
Skader med og utan frávær	H2	4,8	24,3 2)	13,4 2)
Fráværsg dagar	F	31,7	262,4 62)	166,7 62)

SFE-konsernet har satt seg konkrete mål som ledd i å oppfylle partane i arbeidslivet sine nasjonale målsettingar om eit inkluderande arbeidsliv - Reduksjon i sjukefrávær og redusere fráfallet frå arbeidslivet. Med eit sjukefrávær på 3,92% (3,83% i Linja) i 2021 nådde konsernet ikkje målet om eit sjukefrávær lågare enn 3,0%. I konsernet har ein gjennomført fleire vellykka prosjekt i forhold til å hindre fráfall av eigne tilsette. Koronatiltak med heimekontor og reduksjon av kontakt mellom arbeidslag har gjort det utfordrande å gjere ein innsats i høve til å inkludere personar utanfrå konsernet. Det vart likevel starta opp eit slikt tiltak i samarbeid med NAV.

Selskapet har slik kjønnsfordeling basert på tal årsverk:

Linja AS hadde pr. 31.12.2021 136 tilsette, av dette 116 menn og 20 kvinner. Dette inkluderer 8 lærlingar. Pr. 31.12.2020 134 tilsette, av dette 118 menn og 16 kvinner. Dette inkluderer 7 lærlingar. Det er utført 134,4 årsverk, mot 134,09 årsverk i 2020.

1 mann av samla 116 er deltidstilsett, for kvinner er 4 av 20 deltidstilsette.

Det er ingen midlertidig tilsette.

2 kvinner har hatt foreldrepermisjon i snitt 13,7 veker pr. person.

5 menn har hatt foreldrepermisjon i gjennomsnitt 12,7 veker pr. person.

Leiargruppa på øvste nivå består av 8 personar, av dette ei kvinne.

Styret har 4 medlemmer samansett av 3 aksjonærvalde og 1 vald mellom dei tilsette. Styret har 1 kvinne i styret, vald frå 01.01.2021.

Konsernstyret har 9 medlemmer satt saman av 6 aksjonærvalde og 3 tilsettere representantar. Styret består av 2 kvinner og 7 menn.

Konsernleiinga består av 1 kvinne og 6 menn.

Selskap i SFE-konsernet, inkl Linja AS, sin personalpolitikk skal stimulere til aktiv likestilling. Ein sentral del av SFE sin lønspolitikk er at det skal vere lik løn for likt arbeid og lik vurdering

ved individuell lønsfastsetting som er basert på resultatoppnåing, fleksibilitet og kompetanse. SFE sitt løns- og stillingsystem er kjønnsnøytralt.

Lønnskartlegging


Stillingsgruppe	Type stillinger	Tal personer i gruppa	Tal kvinner	Snittløn	Snittløn årsløn kvinner	(%)	Snittløn årsløn menn
1	Ufaglærte	9	9	443 523	443 523		-
2	Fagarbeidar	97	9	588 306	567 397	96,1	590 444
3	Ingeniør/frådgjevar	85	19	745 865	725 551	97,3	745 865
4	Fagleiar	20	4	919 886	873 670	94,0	929 129
5	Avdelingsleiar	12	2	1 064 145	984 428	91,1	1 080 088

SFE/Linja har ingen form for bonusordning

Det er lagt vekt på likestilling både ved intern og ekstern rekruttering. Som ei ansvarleg verksemd skal SFE følge opp når det gjeld likestillings- og diskrimineringslova sine intensjonar, rettar og plikter. Dette inneber mellom anna at vi arbeider aktivt for å hindre diskriminering i samband med rekruttering, løns- og arbeidsvilkår, utviklingsmoglegheiter og tilrettelegging av arbeidsplassen for den enkelte medarbeidar.

Det er ingen som jobbar ufrivilleg deltid i SFE.

Områder



Å styrke mangfaldet er også ein sentral del av SFE-konsernet sin gjeldande strategiplan. Det er oppretta eit eige likestillings- og diskrimineringsutval i SFE, med representantar både frå arbeidsgjevar og dei tilsette. Utvalet består av tre kvinner og tre menn, og skal førestå og koordinere likestillings- og diskrimineringsarbeidet i SFE. Med den kjønnsamansetning ein har i SFE-konsernet, er det å auke kvinneandelen ei naturleg og iaugefallande målsetting i dette mangfaldet – både fleire kvinnelege tilsette og fleire kvinnelege leiarar. Tiltak i denne retning er t.d. å oppmode kvinner om å søkje når vi annonserer nye stillingar, tilrettelegge og vere medvitne på at SFE skal vere, og framstå som ein god og attraktiv arbeidsplass også for kvinner. SFE-konsernet har også ei målretta satsing på å auke andel kvinnelege leiarar. Døme på dette er deltaking på NHO sitt leiarutviklingsprogram Female Future og medviten satsing på andre

eksterne leiarutviklingsprogram der SFE deltek . Ulik handsaming av kvinner og menn er eit område SFE-konsernet har nulltoleranse. Dette er tema i alle medarbeidar- og utviklingssamtaler. Det er også eit sentralt område i våre organisasjonsmessige kartleggingar og undersøkingar, og er ein del av oppfølginga av desse. Leiinga og tillitsvalde har ei felles målsetting, og jobbar tett og aktivt saman, i eit planlagt, aktivt og målretta arbeid for å sikre likestilling og hindre diskriminering i SFE. Kartlegging og undersøking, vurdering av årsaker, treffe tiltak og evaluere er sentralt for dette arbeidet.

SFE/Linja er medvitne på universell utforming av våre bygg. For å støtte krava til universell utforming har vi heis og rullestolramper. Vi meiner med det at administrasjonsbygga våre er godt tilrettelagd for alle.

Ytre miljø

Aktivitetar i SFE som medfører direkte forureining eller utslepp som kan skade det ytre miljøet er i hovudsak knytt til reiseverksemd med bilar og helikoptertransport i samband med bygging, drift og vedlikehald av anlegg. For å redusere dette har SFE ein policy om overgang til nullutsleppstransportmiddel så langt dette let seg gjere for å løyse verksemda sine oppgåver. Ein legg i tillegg vekt på å bruke moderne teknologi for å redusere behovet for reiseverksemd. Produksjon av vasskraft er rein og fornybar energi som er mellom dei mest miljøvennlege former for energiproduksjon vi har, og medfører i svært liten grad klimautslepp eller forureining av det ytre miljøet. Kraftleidningar, kabelgrøfter og transformeringsanlegg medfører inngrep i natur og miljø. I samband med nye anlegg vurderer Linja AS nøye miljømessige konsekvensar, blant anna tilpassing til terreng. Spesielt har traseval i forhold til naturinngrep og elektromagnetiske felt fått auka merksemd.

Konsernet har vedteke nokre prinsipp for berekraft, klima og miljø, gjeldande frå 2021. Desse går ut på å:

- Produsere, distribuere og selje fornybar energi frå lokale naturressursar basert på ansvarleg, berekraftig og langsiktig forvaltning.
- Gjere eiga verksemd klimanøytral og bidra til nasjonale utsleppsreduksjonar
- Ta vare på livet på land og i vatn
- Bidra til berekraftige lokalsamfunn der vi har verksemd, med særleg vekt på elektrifisering og grønne kompetansearbeidsplassar
- Handtere innsatsfaktorane våre med livslaupsperspektiv og retning mot sirkulærøkonomi


SFE har fokus på FN sine berekraftsmål, EU sin handlingsplan for berekraftig finans og Taksonomi-regulering (klassifiseringssystem for berekraftig verksemd) og har iverksett arbeid for systematisk oppfølging og rapportering i forhold til mål og krav. Når det gjeld FN sine berekraftsmål, har vi valt ut nokre av dei, basert på kva som er mest vesentleg for verksemda vår. Desse er:



Linja gjorde i 2021 fleire oppgraderingar av distribusjonsnettet i regionen. Dette er med på å redusere nettap og vi vil på den måten utnytte straumnettet endå betre. For å ta i mot kraft frå nye Okla Vindkraftverk er ca. 20 km linje og kabel i 22 kV-nettet mellom Skorge og Borgundvåg oppgradert.

I høgspent-koblingsanlegg har SF6-gass (svovelheksafluorid) vore brukt av alle leverandørar fordi gassen har svært gode slokke-eigenskapar for lysbue og dermed egner seg godt i høgspentbrytarar. Gassen er derimot giftig og ved lekkasje eller havari på anlegg skaper det svært store utslipp av CO₂. Nokre produsentar har no utvikla utslippsfrie anlegg utan SF6-gass. På 132 kV nivå monterer vi anlegg utan SF6-gass allereie. På 20 kV nivå, der utviklinga ikkje er kome så langt, har vi pr i dag i bestilling eit pilotanlegg utan SF6-gass.

SFE-konsernet er medlem av Klimapartnere, fører klimarekneskap og har for heile konsernet som målsetjing å vere klimanøytral.



Hovudkontoret til SFE på Sandane og Linja AS sitt kontor i Florø har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2008. I 2021 vart dette utvida, og alle dei 8 montørbasane til Linja AS er no sertifiserte som Miljøfyrtårn. Ved hjelp av dette miljøstyringssystemet, kartlegg og måler vi aktiviteten vår på arbeidsmiljø, energibruk, transport, innkjøp og avfall. Kvart år blir det laga ein klima- og miljørapport som viser kva vi har oppnådd, og målsettingar for komande år.

Linja har fokus på bruk av andre materialar i linjebygging enn dei tradisjonelle kreosotimpregnerte trestolpane. Dei seinare åra har vi difor både bygd linjer i stål og i kompositt. I kvart prosjekt gjer vi vurderingar på kva materiale vi skal bruke og oftare enn før vert valet kompositt. Fordelane vi ser er lett og sterkt materiale, vi unngår hakkespettskade som vi har mykje av i mange område, ingen utslipp av kreosotholdige stoffar og mindre HMS-belastning på montørane. Bransjen jobbar med fleire prosjekt for å avklare kva byggemateriale som skal overta etter kreosotimpregnerte tremaster og vi skal vere klare til å



skifte når avklaringane kjem. Likevel må vi vere budde på at kreosotstolpar vil bli brukte i mange år framover.

Det er kjeldesortering av avfall ved alle anlegg i konsernet i tillegg til at spesialavfallscontainer er tilgjengeleg på anlegg etter behov.

Alt straumforbruk i konsernet sine forretningsbygg er dekkja ved opphavsgarantiar frå SFE sin eigen produksjon i Mel kraftverk. Forbruket er såleis dokumentert som ikkje-ureinande og i tråd med ordninga slik NVE føreskriv.

30. april lanserer SFE-konsernet sin første berekraftsrapport. Her står det meir om kva SFE-konsernet gjer innanfor berekraft.

Eigarstyring og selskapsleiing

Norsk utval for eigarstyring og selskapsleiing (NUES) utarbeider tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Tiltrådinga skal bidra til å klargjere rolledelinga mellom aksjeeigarar, styre og dagleg leiing utover det som føl av lovgjeving. På SFE si heimeside vil ein finne SFE si vurdering av status i forhold til NUES si tilråding. SFE følger tilrådinga for eigarstyring og selskapsleiing innanfor dei rammer som selskapet si organisasjonsform og eigarskap tillèt.

Forsikring for styret sine medlemmer og dagleg leiar

Linja AS har styreansvarsforsikring som er teikna av morselskapet Sogn og Fjordane Energi AS på vegne av dotterselskap. Forsikringa dekkjer ansvar for formuestap for krav framsatt mot den sikra i forsikringsperioden som følge av ei ansvarsbetinga handling eller unnlating hos sikra i eigenskap av dagleg leiar, styremedlem, medlem av leiing eller tilsvarande styreorgan i konsernet. Forsikringen dekkjer ikkje skade på personar eller egedelar. Forsikringsavtalen sitt hovudforfall er 1. januar og løper i 12 månader.

Det vert stadfesta at selskapet har styreansvarsforsikring med bransjetyppisk beløpsgrense tilpassa Linja AS sin storleik og omsetnad.

Samfunnsansvar

Samfunnsansvar for SFE omfattar mellom anna vår økonomiske verdiskaping for offentlege eigarar og våre lokalsamfunn, produksjon av kraft frå fornybare energikjelder, utvikling og drift av ein kritisk infrastruktur for samfunnet, ein bærekraftig og mest mogleg skånsam bruk av naturen, og omfattande samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Fleire av desse områda er omtalt andre stadar i årsmeldinga. Når det gjeld SFE-konsernet si sponsorverksemd, så omfattar den samarbeid med rundt 80-90 frivillige lag og organisasjonar kvart år. Dette er ein viktig del av vårt samfunnsansvar, samstundes som det er ein arena der vi profilerer vår merkevare. Hovudvekta av slike samarbeid skjer i våre eigarkommunar, der vi har større nett- og produksjonsprosjekt eller kundekonsentrasjonar, eller gjennom fylkesdekkande organisasjonar. Vi søkjer ein rett balanse mellom idrett, kultur og utdanning/kompetanse i vår miks av samarbeid.



Hendingar etter balansedag


Styret er ikkje kjend med at det etter balansedag har oppstått hendingar som har vesentleg innverknad på resultat, balanse eller selskapet si framtid.


Årsresultat og disponeringar

Styret foreslår slik disponering av årsoverskotet i selskapet:


Avgitt netto konsernbidrag	kr. 624.000,00
<u>Overtført til anna egenkapital</u>	<u>kr. 41.380.304,20</u>
Årsresultat	kr. 42.004.304,20


Florø 15.mars 2023


Ole Bent Søreide
-styreleiar-


Per Martin Haavik
-styremedlem-


Anne Svangtun
-styremedlem-


Ole Schauke Eikum
-styremedlem-


Asgeir Aase
-dagleg leiar-



Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Dronning Eufemias gate 6a, 0191 Oslo
Postboks 1156 Sentrum, 0107 Oslo

Foretaksregisteret: NO 976 389 387 MVA
Tlf: +47 24 00 24 00

www.ey.no
Medlemmer av Den norske Revisorforening

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til generalforsamlingen i Linja AS

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Linja AS som består av balanse per 31. desember 2021, resultatregnskap og kontantstrømoppstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav og gir et rettviseende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2021 og av dets resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjon

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og *International Code of Ethics for Professional Accountants* (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Øvrig informasjon omfatter informasjon i selskapets årsrapport bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for den øvrige informasjonen. Vår konklusjon om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke den øvrige informasjonen, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese den øvrige informasjonen med det formål å vurdere om årsberetningen inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav og hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet eller kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi konkluderer med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon eller ikke inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav, er vi pålagt å rapportere det.

Vi har ingenting å rapportere i så henseende, og vi mener at årsberetningen er konsistent med årsregnskapet og inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til selskapets evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet med mindre ledelsen enten har til hensikt å avvikle selskapet eller virksomheten, eller ikke har noe annet realistisk alternativ.

A member firm of Ernst & Young Global Limited

Penneo Dokumentnøkkel: Q5JZL-UJF00-U0UBJ-47VGL-ZLV5Z-0WVIFR



Building a better
working world

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan skyldes misligheter eller feil og er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontrollen som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape betydelig tvil om selskapets evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet og årsberetningen. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis innhentet frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte omfanget av og tidspunktet for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen.

Oslo, 30. mai 2022
ERNST & YOUNG AS

Revisjonsberetningen er signert elektronisk

Finn Espen Sellæg
statsautorisert revisor

Uavhengig revisors beretning - Linja AS 2021

A member firm of Ernst & Young Global Limited

Pemneo Dokumentnr: 05.12.U-UTF00-UOUBJ.47VGI-ZLVSZ-OWWFER



PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo" - sikker digital signatur.
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Finn Espen Sellæg

Statsautorisert revisor

På vegne av: Ernst & Young AS

Serienummer: 9578-5997-4-389551

IP: 145.62.xxx.xxx

2022-05-30 12:58:15 UTC



Penneo Dokumentmøkkel: Q5J2U-U1F00-JOUBJ-47YCL-ZLU5Z-OWWYEB

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validate>